

Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank har innleia samtalar om samanslåing

Styra i Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank har i dag fatta vedtak om å innleia samtalar med sikte på ei samanslåing av dei tre bankane. Målet med ei samanslåing er å skapa ein solid og framtidretta lokalbank i Sogn, som vil styrka lokalsamfunnet, lokale bedrifter og lokale arbeidsplassar. Banken ønskjer å vidareutvikla sterke og kompetente fagmiljø og vera ein god og attraktiv arbeidsgjevar.

Det vil bli gjort framlegg om at namnet på den samanslegne banken skal vera Sogn Sparebank.

Ei samanslåing av dei tre bankane er vurdert å vera den beste langsiktige løysinga for kundane til bankane, dei tilsette og for lokalsamfunnet. Sogn Sparebank vil ivareta og vidareutvikla den lokale posisjonen til dei tre bankane, i tillegg til å ta ein større regional posisjon. Banken skal vera meir konkurransedyktig og tilby kundane meir kompetanse, betre løysingar og tenester. Sogn Sparebank vil kunna driva meir kostnadseffektivt og samtidig behalda den sterke lokale tilknytninga med nærleik til kundane. Sogn Sparebank skal ha ein desentralisert struktur med lokal styring, utan oppbygging av hovudkontor, og med ei organisering som skal sikra best mogleg nærleik og kundekontakt. Basert på rekneskapa til dei tre bankane per 31. mars 2018 vil den samanslegne banken ha ein forvaltningskapital på omlag NOK 7,6 milliardar medrekna Eika Boligkreditt AS. Det vil vera omlag 50 årsverk i den nye banken.

Banksjef i Vik Sparebank, Mads Arnfinn Indrehus, blir administrerande banksjef i Sogn Sparebank. Det vil vidare bli gjort framlegg om at styreleiar i den samanslegne banken vert Morten Kristiansen, som i dag er styreleiar i Indre Sogn Sparebank. Arve Tokvam, som i dag er styreleiar i Aurland Sparebank, er tiltenkt rolla som nestleiar i styret.

Adm. banksjef Egon M. Moen i Indre Sogn Sparebank vil ha ein sentral rådgjevarrolle i samband med samanslåinga, fram til han går av med pensjon 01.03.2020. Banksjef Gunnar Skahjem i Aurland Sparebank skal ha ein sentral posisjon i leiinga i den nye banken. Styreleiar Olav Vikøren i Vik Sparebank vert føreslegen som styremedlem og leiar av Risiko- og revisjonsutvalet i den nye banken.

Det vert teke sikte på at generalforsamlingane i dei respektive bankane handsamar ein avtale om samanslåing i fjerde kvartal 2018, og at det deretter vert søkt Finanstilsynet om løyve til samanslåing.

Kontaktinformasjon:

Adm. banksjef Egon M. Moen, tlf: 900 82 415

Styreleiar Morten Kristiansen, tlf: 908 28 429

Aurland Sparebank:

Banksjef Gunnar Skahjem, tlf: 982 14 740

Styreleiar Arve Tokvam, tlf: 907 85 950

Vik Sparebank:

Banksjef Mads Arnfinn Indrehus, tlf: 909 50 615

Styreleiar Olav Vikøren, tlf: 917 10 403

